



# 11. Mastersjuke eller auka verdiskaping? Implikasjonar av å legge økonomisk-administrativ masterutdanning til distrikta

Leif Longvanes, Jon Gunnar Nesse og Torbjørn Årethun

**Samandrag** Våren 2015 vart det gjennomført ei spørjeskjemaundersøking med 322 respondentar blant tidlegare studentar ved bachelorutdanninga i økonomi og administrasjon ved HVL, Campus Sogndal. Resultata viser at dei som tok masterutdanning, opplever større nytte av bachelorutdanninga enn dei som ikkje tok vidare utdanning. Masterkandidatane legg i større grad vekt på at løna og innhaldet i jobben heng saman med den økonomiske grunnutdanninga.

**Nøkkelord** masterutdanning | bachelorutdanning | økonomisk-administrativ utdanning | opplevd nytte | bruttoløn

**Abstract** In the spring of 2015, we conducted a survey among 322 former students holding a bachelor's degree in business and administration from HVL, Campus Sogndal. The results show that those who are holding a master's degree have benefitted more from their bachelor's degree than those who did not take on a post-bachelor education. Master's candidates do, to a larger extent than bachelor candidates, link their present wage and job content to skills acquired from the bachelor studies.

## 11.1 INNLEIING

All utdanning av høgskulekandidatar og bachelorkandidatar i økonomisk-administrative fag i Sogn og Fjordane har vore ved Campus Sogndal. Føremålet med kapittelet er å analysere den økonomiske betydninga ei mogleg *masterutdanning* kan ha for arbeids- og næringslivet i den regionen der utdanningsinstitusjonen

ligg. Dette vert gjort med utgangspunkt i ei kartlegging av kva nytte tidlegare studentar ved Campus Sogndal meiner dei har hatt av si økonomisk-administrative utdanning, og om det er skilnader mellom dei som har teke mastergrad ved andre utdanningsinstitusjonar, og dei som ikkje tok vidare utdanning etter bachelorgraden. Vi har òg sett på om dei som er rekrutterte frå fylket, skil seg frå dei som var oppvaksne utanfor Sogn og Fjordane. Det er særleg to grunnar til at bachelorutdanninga ved Campus Sogndal vert nytta som case. For det fyrste er det tidlegare fylket Sogn og Fjordane eit typisk ruralt område kjenneteikna av spreidd busetnad, stagnasjon i folketalet og lågt utdanningsnivå, med unnatak av nokre små bygdebyar, som t.d. Sogndal. For det andre har bachelorstudiet i Sogndal om lag den same fordelinga som landsgjennomsnittet mellom studentar som er oppvaksne i fylket, og studentar som kjem utanfrå (Røberg, 2014).

Kapittelet er eit bidrag til det ålmenne ordskiftet om i kva grad den økonomiske og demografiske utviklinga i ein region vert påverka av at ein høgskule eller eit universitet er lokalisert der (Yttri, 2015).

Distriktsnæringsutvalet (NOU 2020: 12) rår m.a. til at det vert innført insentiv for at universitet og høgskular skal etablere fleircampusmodellar for å møte behova i arbeids- og næringslivet over heile landet. Større satsing på å utvikle fleire mastergrader utanfor dei store byane kan auke tilgangen på meir relevant arbeidskraft i slike område, betre flyttebalansen i regionen og knyte FoU-institusjonar nærare til næringslivet. Kapittelet kan òg sjåast i samanheng med diskusjonen som har vore dei siste ti åra, kring «mastersjuka» i høgare utdanning (Amundsen, 2016).

Ein stor del av økonomistudentane ved Campus Sogndal kjem frå tidlegare Sogn og Fjordane fylke (Røberg, 2014), men skal ein oppretthalde studenttalet med eit stagnerande folketal i dei yngre aldersgruppene i denne regionen, må ein større del av studentmassen rekrutterast utanfrå. Det er difor viktig å få kjennskap til kva nytte og avkastning studentar oppvaksne utanfor Sogn og Fjordane, og som seinare har teke ei masterutdanning utanfor Sogndal, meiner dei har fått av økonomistudiet på bachelornivå i Sogndal samanlikna med studentar frå det tidlegare fylket.

Kapittelet er bygd opp på denne måten: Fyrst presenterer vi relevant litteratur på området og set fram tre hypotesar som vert testa. I metoddelen skildrar vi korleis datamaterialet i undersøkinga vart samla inn, og kva metodar som er nytta i analysen. Deretter følgjer ein resultatdel med testing av hypotesane. Til slutt dreg vi konklusjonar der resultatata frå denne undersøkinga vert samanlikna med tidlegare studiar.

## 11.2 LITTERATURGJENNOMGANG

Utdanning aukar den produktive evna hjå eit menneske, både ved at ein får betre innsikt i korleis eksisterande produksjonsutstyr kan nyttast for å auke verdiskapinga, og ved at det betrar grunnlaget for innovative aktivitetar og teknisk framgang. Becker (1993) hevda at eit individ investerer i utdanning på bakgrunn av eit rasjonelt val, der ein veg kostnader ved utdanninga, som m.a. tapt arbeidsinntekt under studiet og direkte studiekostnader, mot ein framtidig, forventa vinst i form av auka livsinntekt og meir interessante jobbar.

Val av studiestad og studieretning er dels eit resultat av ei økonomisk avgjerd basert på at den komande studenten gjer eit rasjonelt val mellom kostnader og forventa avkastning av ulike alternativ (DesJardins & Toutkoushian, 2005). I val av studium veg løns- og karrieremoglegheitene etter studiet monaleg tyngre enn ei brennande interesse for faget (Maringe, 2006). Valet av utdanningsinstitusjon er i stor grad styrt av eit ynskje om ein karriere innan eit bestemt fagfelt (Lent et al., 1994). Men òg faktorar som påverknad frå familie og vener (Jackson, 1982), utdanningsinstitusjonane sitt akademiske omdøme (Briggs, 2006; To, Lung, Lai & Lai, 2014), faglege interesser (Frølich, 2012) og kvaliteten på førelesarane (Soutar & Turner, 2002) verkar inn på eit individ sine utdanningsambisjonar og val av studiestad. Også kort avstand mellom studiestad og heimstad er ein faktor som har stor innverknad på val av studiestad (Soutar & Turner, 2002). Dette skuldast at mange då kan bu heime med låge levekostnader, det er kort veg til familie og vener, og mange i studiemiljøet er vener og kjende frå tidlegare. Geografisk nærleik til studiestaden betyr mest for eldre og etablerte studentar, men òg dei aller yngste studentane legg stor vekt på at studiestaden ligg nær heimstaden (Frølich, 2012). Det sosiale miljøet har om lag like stor innverknad på studentane sitt val av studiestad som det faglege omdømet til institusjonen har (Frølich, 2012).

Studiar har vist at ein stor prosentdel av studentane ved norske høgskular er oppvaksne i regionen der utdanningsinstitusjonen ligg. Om lag tre av fire blant dei uteksaminerte frå dei næringsretta utdanningane ved høgskulane på Vestlandet i perioden 1995–2010 hadde vakse opp i landsdelen (Røberg, 2014), og om lag 70 prosent av dei fann arbeid i den same landsdelen etter avslutta utdanning. Tidlegare studiar viser òg at personar som er oppvaksne i den same regionen som dei studerer, i stor grad vert verande i denne regionen også etter studiane (Arnesen, 2003; Stambøl, 2011). Denne regionale forankringa er sterkare i Vestlands-regionane enn i Oslo-området. Gythfeldt og Heggen (2013) viste at om lag tre av fire studentar oppvaksne i Sogn og Fjordane og som hadde studert ved Campus Sogndal, framleis budde der to år etter studiane. Blant studentar som var oppvaksne

andre stader enn i Sogn og Fjordane, budde berre ein av seks i det tidlegare fjordfylket to år etter at dei var uteksaminerte.

I arbeidsmarknadsregionar med høgskular har òg ein større del av dei sysselsette høgare utdanning enn i regionar utan ein høgskule (Stambøl, 2011). Dei regionale høgskulane har difor vore ein viktig faktor for å dempe nettoutflyttinga av høgt utdanna frå distrikta. Dette var òg eit av måla til Ottosen-komiteen, som la grunnlaget for utbygginga av distriktshøgskular med 2- og 3-årige yrkesutdanningar over heile landet (Yttri, 2008). Frå årtusenskiftet oppretta mange høgskular nye masterutdanningar, også innan økonomisk-administrative fag, som følgje av det handlingsrommet som kvalitetsreforma i høgare utdanning gav, men ved Campus Sogndal vart ikkje denne satsinga prioritert, og høgskulen definerte seg som ein «bachelorinstitusjon» (Yttri, 2015). Ein mogleg implikasjon av dette kan vere at Sogn og Fjordane på sikt vil få ein større mangel på arbeidskraft med masterutdanning enn mange andre, rurale område i landet.

Skipinga av masterutdanningar i distrikta kan òg ha negative verknader. Det kan vere krevjande både å rekruttere og å halde på naudsynt fagpersonell for å drifte og vidareutvikle eit masterstudium. Dette kan redusere kvaliteten på studiet, slik at det etter kvart får eit B-stempel i befolkninga og mellom moglege studentar (Amundsen, 2016). Sjølv om det ikkje er tilfellet, så vil ein stor gjennomtrekk av fagleg tilsette kunne etterlate eit inntrykk av eit annanrangs studium. Ryktet har stor innverknad på kor enkelt det er for ein utdanningsinstitusjon å trekkje til seg nye studentar og behalde noverande studentar (Helgesen & Nettet, 2007). Eit masterstudium i distrikta er nok i særleg grad avhengig av ein lokal og delvis regional arbeidsmarknad som etterspør den masterutdanna arbeidskrafta (Amundsen, 2016). Dette kan vere utfordrande i rurale område med eit næringsliv som ikkje er vand med å rekruttere denne typen arbeidskraft.

I Noreg flyttar personar med høgare utdanning oftare enn dei utan slik utdanning, og personar under 30 år som flyttar, har større sannsyn for å flytte til urbane område enn personar i andre aldersgrupper (NOU 2008: 3). Nettoutflytting av høgt utdanna tappar Sogn og Fjordane for arbeidskraft og reduserer veksten i verdiskapinga. Sogn og Fjordane har ein lægre del av innbyggjarar med lang universitets- og høgskuleutdanning (meir enn fire år) enn landsgjennomsnittet. Sjølv om det har vore ein auke frå 4,0 % i 2010 til 6,2 % i 2019, ligg Sogn og Fjordane under landssnittet (7,1% i 2010 og 10,3% i 2019). Sogn og Fjordane har difor ei tilsvarende utfordring som det Helgesen, Nettet og Strand (2013) omtalar Møre og Romsdal har, med manglande rekruttering av høgt utdanna både til offentleg og privat sektor. Tidlegare analysar (Båtevik et al., 2013; Gundersen & Sørli, 2009; Årethun, Nesse & Skogseid, 2014) viser at mange av dei som flyttar ut av Sogn og

Fjordane, er personar med utdanning på universitets- eller høgskulenivå. Blant dei som hadde fire år eller mindre økonomisk-administrativ utdanning på høgskule eller universitet (i fyrste rekkje bachelorkandidatar), flytta 350 personar til Sogn og Fjordane, medan 629 flytta ut av fylket i perioden 2004–2011. Tilsvarende tal for dei med meir enn fire års økonomisk-administrativ utdanning (masterkandidatar) var 93 innflyttarar og 220 utflyttarar. Den negative flyttebalansen skuldast dels at mange unge tek høgare utdanning utanfor Sogn og Fjordane, fordi dei ikkje har noko tilbod der, og dels fordi det er få arbeidsplassar for høgt utdanna i det tidlegare fylket, særleg innanfor privat tenesteyting. I ein storbyregion vil både talet på arbeidsplassar og mogleghetene for å skifte arbeidsplass vere betydeleg større.

Økonomisk-administrativ utdanning er eit stort utdanningsområde i Noreg med over 50 000 studentar per 2019 (SSB, 2020). Det er 117 ulike studium som desse studentane fordeler seg på, og det er både spesialiserte og meir generelle studium i økonomi og administrasjon innanfor dette fagområdet (Bakken, Lid & Helseth, 2019). Høgskule-/universitetsutdanning i økonomisk-administrative fag utover høgskulekandidat var fram til kvalitetsreforma i stor grad ei 4-årig siviløkonomutdanning ved nokre få utdanningsinstitusjonar, fyrst Norges Handelshøyskole, som frå 1963 til 1985 hadde einerett på å gje siviløkonomtittelen (Bjørsvik & Nilsen, 2011). I 1986 fekk BI i Oslo og Høgskolen i Nordland rett til å tildele siviløkonomtittel, og deretter vart slik utdanning oppretta ved Universitetet i Agder og etter kvart ved fleire universitet og høgskular. Etter kvalitetsreforma har siviløkonomutdanninga blitt ei 5-årig masterutdanning med ordinær akkreditering gjennom NOKUT, medan sidetittelen siviløkonom har vore regulert gjennom Nasjonalt råd for økonomisk-administrativ utdanning, NRØA (Bjørsvik & Nilsen, 2011; UHR, 2018). Kvalitetsreforma medførte også standardisering av mange utdanningsprogram og la til rette for at studentar som har byrja studiar ein stad, kan halde fram med ei tilsvarende utdanning ved eit anna universitet eller ein annan høgskule, og tilsvarende søkje ulike masterstudium ved andre universitet og høgskular etter fullført bachelorutdanning (Helgesen et al., 2013). Ei undersøking gjennomført av Andreassen, Olsen og Solstad (2017) syner at det er tolv offentlege og private utdanningsinstitusjonar som tilbyr masterprogram innan økonomi og administrasjon. Fleire av desse masterutdanningane byggjer på ei bachelorutdanning i økonomi og administrasjon, men stettar ikkje krava frå NRØA når det gjeld siviløkonomtittelen. I dette kapittelet vert det ikkje skilt mellom masterutdanningar i økonomi og administrasjon som gjev tittelen siviløkonom, og dei som ikkje gjev slik tittel.

Lengda på utdanninga har gjennomgåande ein positiv verknad på forventa livsinntekt. Jo lengre utdanning innanfor same fagområde, desto høgare løn (Kirkebøen, 2010). Dette er i tråd med Becker (1993), som ser på utdanning som ei inves-

tering i humankapital med ei tilhøyrande avkastning som kan forventast å vere høgare desto meir kostbar utdanninga er. I Noreg er kostnadene ved utdanning i fyrste rekke knytte til tapte arbeidsinntekter, og desse er større til lenger utdanninga varer. I løpet av dei siste tiåra har avkastning av utdanning auka i dei fleste vestlege land (Acemoglu & Autor, 2011). Avkastninga varierer mykje mellom utdanningsnivå og fagretning (Kirkebøen, Leuven & Mogstad, 2015; Aakvik, Salvanes & Vaage, 2006). I ei undersøking av bachelor- og masterkandidatar i bedriftsøkonomi ved Handelshøgskolen i Bodø viser Åmo og Kolvereid (2010) at gjennomsnittleg bruttoløn for ein masterkandidat var om lag 18 % høgare enn for ein bachelorkandidat.

Om lag 44 % prosent av siviløkonomane og 60 % av dei med mastergrad i økonomisk-administrative fag, utanom siviløkonomane, var svært nøgde med kor relevant studiet deira var for arbeidsmarknaden tre år etter avlagt eksamen (Støren, Nesje, Salvanes, Arnesen & Reymert, 2018). Gjennomsnittet for alle grupper med masterutdanning var 47 %.

Om lag to av tre siviløkonomar og ein av tre med bachelor i økonomisk-administrative fag meiner at studiet er eit svært godt grunnlag for ei framtidig yrkeskarriere (Arnesen, 2012). Undersøkinga viser òg at det er fleire av bachelorkandidatane enn blant siviløkonomane som meiner at deira utdanning passar best til den jobben dei no har.

Med utgangspunkt i litteraturgjennomgangen vil vi testa følgjande tre hypotesar:

- H1: Ein større del av studentane som vaks opp i Sogn og Fjordane, bur framleis i fylket samanlikna med studentar oppvaksne i andre delar av landet.
- H2: Det er skilnader i opplevd nytte av økonomiutdanninga mellom dei som er oppvaksne i Sogn og Fjordane, og dei som er oppvaksne utanfor fylket.
- H3: Det er skilnader i opplevd nytte av studiet mellom bachelor- og masterkandidatane.

Den samla verdiskapinga i ein region avheng m.a. av kor mange yrkesaktive som bur der, og kva kompetanse desse har.

Talet på yrkesaktive avheng mellom anna av tilgangen på utdanningstilbod som vert etterspurt av næringslivet i regionen, og kor stor prosentdel av dei som tek høgare utdanning i regionen, som faktisk vel å arbeide der. Analysar (Røberg, 2014) viser at ein større del av den lokale ungdomen tek arbeid i same region som utdanningsstaden, samanlikna med dei som har flytta til regionen for å ta utdanning, og H1-hypotesa testar om denne skilnaden òg held seg vidare i yrkeskarrieren.

Kompetansen til dei yrkesaktive avheng mellom anna av utdanningsnivå, og både privat næringsliv og det offentlege etterspør ein større prosentdel master-

gradskandidatar no enn for berre få år sidan (SSB, 2021b). Dette gjev ei direkte kopling mellom H1-hypotesa og betydninga av å leggje masterutdanning til eit bestemt område eller ein bestemt region.

H2-hypotesa tek utgangspunkt i at skilnaden i busetjing mellom dei som er oppvaksne i regionen, og tilflytta studentar (H1-hypotesa) delvis skuldast skilnader i korleis dei oppfatar nytten av økonomiutdanninga.

Dersom ein skal etablere eit masterstudium i økonomisk-administrative fag, vil det liggje ei bachelorutdanning på den same staden. Rekrutteringa til eit masterstudium i distrikta er i nokon grad basert på rekruttering frå eiga bachelorutdanning. Denne delen er større for masterutdanningar i distrikta enn i storbyane (Stambøl, 2011). Skal ei masterutdanning trekkje til seg studentar, må denne utdanninga gje dei tidlegare studentane større nytte enn det å berre ha ei bachelorgrad (H3-hypotesa). Opplevd nytte av studiet til dei som bygde på med ei mastergrad innan det økonomisk-administrative fagområdet (utanfor Sogn og Fjordane), gjev ein indikasjon på om dei opplevde større nytte av utdanninga si enn dei med berre bachelor. Sett frå det individuelle perspektivet er det då grunn til å vente at personar som vil ta ei masterutdanning i eige distrikt når tilbodet er der, men som i dag ikkje tek slik utdanning, eller dei flyttar ut for å ta utdanninga, vil oppleve auka nytte.

### 11.3 METODE

I perioden frå 1985 til og med 2014 vart det i alt uteksaminert 1198 kandidatar frå det økonomisk-administrative studiet ved Campus Sogndal. Fram til og med 2002 var dette eit 2-årig studium som gav rett til tittelen høgskulekandidat i økonomisk-administrative fag, og frå 2003 vart det eit 3-årig bachelorstudium. Det er òg andre økonomisk-administrative utdanningar ved Campus Sogndal (mellom anna reiselivsøkonomi og økonomi og jus), men kandidatar frå desse utdanningane er ikkje med i undersøkinga.

I mars–april 2015 vart det gjennomført ei postal spørjeskjemaundersøking blant alle dei 1176 tidlegare studentane som per 1. mars 2015 framleis var i live, og som hadde ei folkeregistrert adresse. Etter ei purring fekk vi svar frå 322 respondentar. Dette gjev ein samla svarprosent på 27,4. Denne er låg (Jacobsen, 2015), men i mange tilfelle kan ein ikkje vente ein svarprosent på meir enn 20 (Bourque & Fielder, 2003). I den seinare tida har svarprosenten for spørjeskjemaundersøkingar generelt gått ned (Dillman et al., 2009).

Avgangskulla frå 2010 til 2014 har ein monaleg lægre svarprosent enn dei andre kandidatane, noko som delvis kan skuldast at dei enno var under utdanning då

undersøkinga vart gjennomført, og at mange difor hadde ei anna bustadadresse enn den i folkeregisteret.

Spørjeskjemaet inneheldt mellom anna spørsmål om kva nytte og relevans respondentane meinte økonomistudiet i Sogndal hadde hatt for deira lønsutvikling og arbeidsmarknadskarriere. Svaralternativa var ein 5-punkt rangordna skala, der 1 reflekterte ei svært positiv vurdering, 5 ei svært negativ vurdering, medan respondentar som svara alternativ 3, hadde ei nøytral haldning til påstanden. Respondentane vart òg spurde om kvar dei tok vidaregåande skule, kvar dei var busette på undersøkingstidspunktet, og om, og eventuelt kvar, dei tok masterutdanning i økonomisk-administrative fag. Også spørsmål knytte til stillingstype og i kva grad respondentane har starta eller planlegg å starte eiga verksemd, var inkludert.

Datamaterialet er analysert ved hjelp av programvara SPSS. Skilnader mellom grupper for variablar på forholdstalsnivå eller ordinalnivå er målt ved t-testar. Når det gjeld ein av dei rangordna variablane (stillingsnivå), har vi valt å teste skilnaden mellom grupper ved bruk av kji-kvadrattest. Dette skuldast at vi ikkje kan legje til grunn den same avstanden mellom dei ulike stillingsnivåa.

## 11.4 RESULTAT

### 11.4.1 Skilnadene mellom dei som er oppvaksne i Sogn og Fjordane, og dei som flytta inn for å studere

I våre analysar har vi målt fire dimensjonar ved den personlege nytten av den økonomisk-administrative utdanninga: relevans, løn, stillingstype og i kva grad dei har starta eller planlegg å starte eiga verksemd. Resultata viser at personar oppvaksne i Sogn og Fjordane vurderer i større grad at økonomiutdanninga er meir relevant for seinare jobb og yrkeskarriere, enn dei som har vakse opp andre stader i landet, sjå tabell 11.1. Dei som opphavleg er frå Sogn og Fjordane, har i noko større grad enn andre administrative leiarstillingar, og då særleg toppleiarstillingar. I tillegg har den fyrstnemnde gruppa i større grad planar om å starte eiga verksemd.

Resultata viser òg at personar oppvaksne utanfor Sogn og Fjordane er meir nøgde med Sogndal som studiestad enn det personar oppvaksne i Sogn og Fjordane er.

Blant tidlegare studentar som er oppvaksne i Sogn og Fjordane, bur om lag to av tre framleis i fylket, medan blant dei som flytta til fylket for å studere økonomi, er det berre vel ein av ti som framleis bur her. I dei fem siste avgangskulla er vel fjerdeparten av studentane som er oppvaksne utanfor Sogn og Fjordane, framleis busette i fylket. Dette heng saman med at ein stor del av desse held fram med andre studiar i Sogn og Fjordane.



**Tabell 11.1:** Skilnader mellom personar oppvaksne i og utanfor Sogn og Fjordane

Variabel	Frå Sogn og Fjordane	Frå andre stader	Signifikansnivå
<b>Nytten av økonomiutdanninga</b>			
Relevans for seinare yrkeskarriere (1–5 der 1 = svært relevant og 5 = svært lite relevant)	1,38	1,54	*
Relevans for seinare jobb (1–5 der 1 = svært stor grad og 5 = svært liten grad)	1,96	2,27	***
Bruttoløn masterkandidatar	767 000	879 000	
Bruttoløn bachelorkandidatar	587 000	584 000	
Stillingsnivå (Toppleiar = 1, Avdelings-/mellomleiar = 2, gruppe-/prosjektleiar = 3, ingen leiarfunksjon = 4) <sup>a</sup>			*
Prosentdel som har starta eiga verksemd	14,9 %	11,6 %	
Kan du tenkje deg å starte eiga verksemd? (1–4 der 1 = svært lite sannsynleg og 4 = svært sannsynleg)	1,73	1,52	**
<b>Nøgd med studietida</b>			
Nøgd med studiet i Sogndal? (1–5 der 1 = svært misnøgd og 5 = svært nøgd)	4,39	4,32	
Nøgd med studiestaden Sogndal? (1–5 der 1 = svært misnøgd og 5 = svært nøgd)	4,77	4,86	*
<b>Demografiske kjenneteikn</b>			
Menn	56,2 %	43,6 %	
Kvinner	62,7 %	37,3 %	
Prosentdel som no bur i Sogn og Fjordane	65,4 %	11,6 %	
Prosentdel som no bur utanfor Sogn og Fjordane	34,6 %	88,4 %	
Prosentdel som jobbar i offentleg sektor	33,0 %	27,7 %	

Statistisk signifikansnivå: \* viser  $p < 0,10$ , \*\* viser  $p < 0,05$ , \*\*\* viser  $p < 0,01$ .

a: Variabelen stillingsnivå er analysert ved bruk av kji-kvadratfordelinga.

#### 11.4.2 Skilnadene mellom dei med bachelor- og mastergrad

Personar med masterutdanning har hatt større nytte av den økonomisk-administrative utdanninga enn det bachelorkandidatane har hatt. Masterkandidatane har fått jobbar med høgare løn enn det bachelorkandidatane har, sjå tabell 11.2. Dette gjeld både dei som no arbeider i Sogn og Fjordane, og dei som arbeider andre stader, sjølv om lønsskilnadane mellom master- og bachelorkandidatar berre er tredjedelen så stor i Sogn og Fjordane som i resten av landet. Ein noko større prosent-

del av masterkandidatane enn bachelorkandidatane har òg fått leiaransvar, og dei legg meir vekt på at økonomistudiet var relevant for jobbane dei har hatt. Masterkandidatane er òg noko meir nøgde med bachelorstudiet i Sogndal enn dei som ikkje har teke økonomiutdanning utover bachelorstudiane.

**Tabell 11.2:** Skilnader mellom personar med bachelorutdanning og masterutdanning i økonomisk-administrative fag

Variabel	Bachelor	Master	Signifikansnivå
<b>Nytten av økonomiutdanninga</b>			
Relevans for seinare yrkeskarriere (1–5 der 1 = svært relevant og 5 = svært lite relevant)	2,08	2,10	
Relevans for seinare jobb (1–5 der 1 = svært stor grad og 5 = svært liten grad)	1,53	1,21	***
Bruttoløn (alle)	584 000	821 000	***
Bruttoløn (arbeider i Sogn og Fjordane)	554 000	622 000	**
Stillingsnivå (Toppleiar = 1, Avdelings-/mellomleiar = 2, gruppe-/prosjektleiar = 3, ingen leiarfunksjon = 4)			*
Prosentdel som har starta eiga verksemd	15,0 %	10,0 %	
Kan du tenkje deg å starte eiga verksemd? (1–4 der 1 = svært lite sannsynleg og 4 = svært sannsynleg)	1,6	1,74	
<b>Nøgd med studietida</b>			
Nøgd med studiet i Sogndal? (1–5 der 1 = svært misnøgd og 5 = svært nøgd)	4,31	4,47	*
Nøgd med studiestaden Sogndal? (1–5 der 1 = svært misnøgd og 5 = svært nøgd)	4,78	4,87	
<b>Demografiske kjenneteikn</b>			
Menn	64,1 %	35,9 %	***
Kvinner	78,5 %	21,5 %	***
Menn (avgangskulla 1985–1999)	72,6 %	27,4 %	
Kvinner (avgangskulla 1985–1999)	81,0 %	19,0 %	
Menn (avgangskulla 2000–2014)	53,6 %	46,4 %	***
Kvinner (avgangskulla 2000–2014)	75,7 %	24,3 %	***
Prosentdel med oppvekst i Sogn og Fjordane	61,2 %	54,4 %	
Prosentdel som no bur i Sogn og Fjordane	49,3 %	28,9 %	***
Prosentdel som jobbar i offentlig sektor	33,0 %	25,3 %	

Ser vi på alle studentkulla under eitt, så tok vel tredjedelen av mennene og vel femteparten av kvinnene mastergrad i økonomi og administrasjon. Det er signifikante skilnader mellom menn og kvinner når det gjeld prosentdelen som tek ein mastergrad i økonomisk-administrative fag blant studentkulla etter årtusenskiiftet. Då byrja mannlege bachelorkandidatar i mykje større grad enn kvinnelege på masterstudiet. Dette var ikkje tilfellet for dei femten årskulla mellom 1985 og 1999. Denne skilnaden på årskulla kan delvis skuldast at kvinnene i større grad deltek på andre masterprogram enn økonomi og administrasjon, eller at dei i gjennomsnitt er noko eldre enn mennene når dei tek masterutdanninga. I så fall vil det kunne gå ei tid før kjønnsfordelinga for dei siste årskulla jamnar seg ut.

Ein større del av dei som har teke masterutdanning, bur i dag utanfor Sogn og Fjordane enn det som er tilfellet blant dei som har bachelorgrad som høgste utdanning. Manglande tilbod om ein økonomimaster drog mange ut frå heimfylket for å studere. Ein stor del av desse valde å etablere seg i Oslo- eller Bergens-regionen etter å ha fullført masterutdanninga der. Færre relevante jobbar og eit lægre løsnivå gjer det mindre attraktivt å flytte attende etter fullført masterstudium.

## 11.5 KONKLUSJONAR

*H1: Ein større prosentdel av studentane som vaks opp i Sogn og Fjordane, bur framleis der samanlikna med studentar oppvaksne i andre delar av landet.*

Denne hypotesen vert stadfesta i vår undersøking, der om lag to av tre oppvaksne i Sogn og Fjordane framleis jobba i fylket, medan dette gjaldt berre ein av ti som var oppvaksne utanfor fylket. Dette resultatet er i tråd med funna i Røberg (2014) og Gythfeldt og Heggen (2013), men i begge desse undersøkingane er det nokre fleire som vert att i Sogn og Fjordane, enn det våre analysar viser. Dette gjeld både for dei som opphavelg er frå Sogn og Fjordane, og dei som kjem til fylket for å studere.

*H2: Det er skilnader i opplevd nytte av økonomiutdanninga mellom dei som er oppvaksne i Sogn og Fjordane, og dei som er oppvaksne utanfor fylket.*

Studentar oppvaksne i Sogn og Fjordane meiner dei har hatt større nytte av økonomiutdanninga i Sogndal enn andre studentar. Dette heng truleg saman med at kommunen har mange fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar der ei bachelorutdanning i økonomi og administrasjon er særskild relevant. Studentar med lokalt opphav vel difor utdanning med sikte på ein framtidig jobb i denne marknaden og

vil dermed i større grad enn andre meine at utdanninga var relevant for seinare yrkeskarriere. Ein annan årsak kan vere at skipinga av den økonomisk-administrative utdanninga ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule i 1983 kom seint, samanlikna med mange andre distriktshøgskular (Yttri, 2008), og det er truleg at kandidatane som gjekk ut frå dei tidlege kulla på 80-talet, kom ut i ein arbeidsmarknad som var underdekt av denne typen kompetanse.

Funnet kan òg ha samanheng med at mange studentar utanfrå i fyrste hand vert tiltrekte av studentmiljøet og moglegheitene til å kombinere studiar med eit aktivt friluftsliv. Desse vil i mindre grad leggje vekt på kor relevant studiet er for seinare arbeidsmarknadskarriere.

*H3: Det er skilnader i opplevd nytte av studiet mellom bachelor- og masterkandidatane.*

Analysane viser at det løner seg å ta eit masterstudium i økonomi. Masterkandidatar vurderer den positive verknaden av bachelorutdanninga for seinare yrkeskarriere som større enn dei som ikkje tok vidare utdanning. Dette er i tråd med Åmo og Kolvereid (2010) og kan delvis skuldast at mange oppfattar bachelorutdanninga i økonomi og administrasjon som ei grunnutdanning på høgskulenivå, og at dei alternativt kunne oppnådd om lag den same arbeidsmarknadskarrieren med ei anna bachelorutdanning. Eit lønsnivå (i 2015-kroner) mellom 550 000 og 600 000 kroner ligg om lag på gjennomsnittet blant alle grupper av bachelorkandidatar. Med ei gjennomsnittleg årsløn på 821 000 kroner og mange i leiarsstillingar kjenner truleg masterstudentane at dei har fått ei god avkastning på økonomiutdanninga si, samanlikna med mange andre masterstudium. Grunnlaget for mastergraden er då bachelorutdanninga, og dei gjev difor denne mykje av æra for yrkeskarrieren sin.

## 11.6 AVSLUTNING

I denne undersøkinga er det peika på tre faktorar som etableringa av eit masterstudium i økonomisk-administrative fag i distrikta kan stø seg på. Ein stor del av bachelorstudentane er rekruttert frå og finn seg arbeid i nærområdet, og denne gruppa utgjer eit viktig rekrutteringsgrunnlag for eit masterstudium. Dei tidlegare studentane har hatt stor nytte av bachelorstudiet, aller mest dei som no arbeider i nærområdet. Dette er ein indikasjon på at det lokale næringslivet etterspør arbeidstakarar med økonomifagleg bakgrunn, noko som kan gje eit frampeik om kva etterspurnaden etter masterutdanna økonomar kan verte. Til sist er nytta og

det økonomiske utbytet av studiet monaleg større for master- enn for bachelorstudentar.

Attraktiviteten til ein studiestad er påverka av både dei einskilde studietilboda på staden, den samla studieporteføljen og ulike kulturelle, sosiale og økonomiske faktorar ved studiestaden (Helgesen et al., 2013). Eit mastertilbod innan relevante fagområde til studiesøkjande vil såleis påverke den ålmenne oppfatninga dei har av studiestaden, og bidra til å trekkje til seg fleire og betre studentar på bachelorprogramma innan dette fagområdet.

Rundt hundreårsskiftet vart det skipa fleire masterutdanningar i økonomisk-administrative fag utanfor storbyane. Sogndal valde å ikkje gjere dette. Gjekk kommunen, distriktet og det lokale næringslivet glipp av noko? Ja, dette valet har truleg kosta høgskulen og kommunen eit tital studentar som kvart år ville valt denne studieretninga, og som difor ikkje kom til, eller ikkje valde å halde fram som studentar i Sogndal. Lokal tilgang på personar med mastergrad ville gjort det meir attraktivt for fleire aktørar i finansnæringa å etablere seg i Sogndal. Etter ein markant vekst i dei store byane på 1990-talet har også distrikta hatt ein auke i talet på etableringar av ulike finansaktørar dei siste 20 åra, og etter kvart har Førde fått posisjonen som finanssenter i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Frå 2008 til 2019 auka talet på tilsette innan finansnæringane med om lag 7 % i Førde og med om lag 4 % i Sogndal (SSB, 2021a). Med ei masterutdanning i økonomisk-administrative fag ville Sogndal hatt ei større tiltrekkingskraft.

## MERKNADER

Alle tre forfattarane er knytte til øk.adm.-utdanninga i Sogndal.

## LITTERATUR

- Acemoglu, D. & Autor, D. (2011). Skills, tasks and technologies: Implications for employment and earnings. I D. Card & O. Ashenfelter (red.), *Handbook of labor economics* (Vol. 4B, s. 1043–1171). Amsterdam: North Holland – Elsevier.
- Amundsen, B. (2016, 27. juni). Dobling i mastergrader på 15 år. *Forsking.no*. Henta frå <https://forskning.no/samfunn-arbeid-skole-og-utdanning/2016/02/dobling-i-mastergrader-pa-15-ar>
- Andreassen, V. Olsen, T. H. & Solstad, E. (2017). Helhetsperspektiv i økonomisk / administrative fag – ønske eller realitet? *Uniped*, 40(3), 249–260.
- Arnesen, C. Å. (2003). *Nyutdannedes regionale tilpasning. En analyse av bosettingsmønster og arbeidsmarkedstilpasning blant nyutdannede kandidater* (Rapport nr. 7/2003). Oslo: NIFU.
- Arnesen, C. Å. (2012). *Profesjonsutdannedes overgang fra utdanning til arbeid: Arbeidsmarkedstilpasning, yrkesverdier og tilfredshet med arbeid og utdanning* (Rapport nr. 13/2012). Oslo: NIFU.

- Bakken, P., Lid, S. E. & Helseth, I. A. (2019). *Hvor utbredt er praksis i norsk høyere utdanning?* (Vol. 1). Oslo: NOKUT.
- Becker, G. S. (1993). *Human capital: A theoretical and empirical analysis with special reference to education* (3. utg.). Chicago: The University of Chicago Press.
- Bjørsvik, E. & Nilsen, Y. (2011). *Norges Handelshøyskole i 75 år «En lærestanstalt av høieste rang»*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bourque, L. B. & Fielder, E. P. (2003). *How to conduct self-administered and mail surveys* (2. utg.). London: SAGE Publications.
- Briggs, S. (2006). An exploratory study of the factors influencing undergraduate student choice: the case of higher education in Scotland. *Studies in Higher Education*, 31(6), 705–722.
- Båtevik, F. O., Grimsrud, G. M., Nesse, J. G., Nilsen, E. R., Yttredal, E. R. & Årethun, T. (2013). Kampen om kompetansen – Innovasjon og rekrutteringsutfordringer i regionalt perspektiv. *Plan*, 45(6), 10–15.
- DesJardins, S. L. & Toutkoushian, R. K. (2005). Are students really rational? The development of rational thought and its application to student choice. I J. Smart (red.). *Higher education: Handbook of theory and research* (Vol. XX, s. 191–240). Dordrecht: Kluwer Academic Publishers – Springer.
- Dillman, D. A., Phelps, G., Tortora, R., Swift, K., Kohrell, J., Berck, J. & Messer, B. L. (2009). Response rate and measurement differences in mixed-mode surveys using mail, telephone, interactive voice response (IVR) and the Internet. *Social Science Research*, 38(1), 1–18.
- Frølich, N. (2012). Studenter vil studere nær hjemstedet. I B. Stensaker, N. Frølich, T. Thune, A. Vabø, P. O. Aamodt, S. Kyvik & H. Gunnes (red.), *Kunnskap og kvalitet i ny kontekst – Sluttrapport fra Kunnskapsdepartementets strategiske forskningsprogram 2009–2011* (s. 32–33). Oslo: NIFU.
- Gundersen, F. & Sorlie, K. (2009). *Demografi og næringsutvikling i Sogn og Fjordane* Rapport nr. 13/2009). Oslo: NIBR.
- Gythfeldt, K. & Heggen, K. (2013). Hva betyr høyskolene for rekruttering av arbeidskraft til egne regioner? *Søkelys på arbeidsmarkedet*, 30(3), 235–250.
- Helgesen, Ø. & Nettet, E. (2007). Images, satisfaction and antecedents: Drivers of student loyalty? A case study of a Norwegian University College. *Corporate Reputation Review*, 10(1), 38–59. <https://doi.org/10.1057/palgrave.crr.1550037>
- Helgesen, Ø., Nettet, E. & Strand, Ø. (2013). “Brain drain” or “brain gain”? Students’ loyalty to their student town: Field evidence from Norway. *European Planning Studies*, 21(6), 909–943.
- Jackson, G. A. (1982). Public efficiency and private choice in higher education. *Educational Evaluation and Policy Analysis*, 4(2), 237–247.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk Forlag.
- Kirkebøen, L. (2010). *Forskjeller i livsløpsinntekt mellom utdanningsgrupper* (Rapport nr. 43/2010). Oslo: SSB.
- Kirkebøen, L., Leuven, E. & Mogstad, M. (2015). *Field of study, earnings and self-selection*. Discussion Papers No. 794, January 2015, Statistics Norway, Research Department. Oslo: SSB.
- Lent, R. W., Brown, S. D. & Hackett, G. (1994). Toward a unifying social cognitive theory of career and academic interest, choice, and performance. *Journal of Vocational Behavior*, 45(1), 79–122.
- Maringe, F. (2006). University and course choice: Implications for positioning, recruitment and marketing. *International Journal of Educational Management*, 20(6), 466–479.
- NOU 2008: 3. (2008). *Sett under ett. Ny struktur i høyere utdanning (Stjernøutvalget)* (kap. 16).
- NOU 2020: 12. (2020). *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn (Distriktsutvalget)*.

- Røberg, K. (2014). *Høgskolenes betydning for regional rekruttering til næringsrettede profesjonsyrker* (Rapport nr. 7/2014). Oslo: HiO.
- Soutar, G. N. & Turner, J. P. (2002). Students' preferences for university: A conjoint analysis. *International Journal of Educational Management*, 16(1), 40–45.
- SSB. (2020). Studenter i høyere utdanning. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utuvh/aar>
- SSB. (2021a). Sysselsatte etter kommune. Henta frå <https://www.ssb/Sysselsetting>, registerbasert
- SSB. (2021b). Sysselsatte etter utdanning. Henta frå <https://www.ssb/Sysselsetting>, registerbasert
- Stambøl, L. (2011). *Den regionale betydningen av universiteter og høyskoler: Notat til kompetansesarbeidsplassutvalget*. Oslo: SSB.
- Støren, L. A., Nesje, K., Salvanes, K. V., Arnesen, C. Å. & Reymert, I. (2018). *Kompetanseutnyttelse blant mastere to–tre år etter eksamen: Resultater fra Spesialkandidatundersøkelsen 2017* (Rapport nr. 2/2018). Oslo: NIFU.
- To, W. M., Lung, J. W. Y., Lai, L. S. L. & Lai, T. M. (2014). Destination choice of cross-border Chinese students: An importance-performance analysis. *Educational Studies*, 40(1), 63–80.
- UHR (2018, 27. juni). *Vilkår for bruk av tilleggsbetegnelsen (sidetittel) siviløkonom*. Henta frå [https://www.uhr.no/\\_f/p1/iac8ed2c1-8aeb-4544-a957-0bf808361338/vilkar\\_for\\_bruk\\_at\\_tilleggsbetegnelsen\\_sivilokonom\\_vedtatt\\_nr\\_a\\_06\\_06\\_16.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/iac8ed2c1-8aeb-4544-a957-0bf808361338/vilkar_for_bruk_at_tilleggsbetegnelsen_sivilokonom_vedtatt_nr_a_06_06_16.pdf)
- Yttri, G. (2008). *Frå skuletun til Campus – Soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane*. Leikanger: Skald.
- Yttri, G. (2015). *Gjennombrot og kjenneteikn. Liner i soga om utdanning i Sogn og Fjordane* (Doktoravhandling). Universitetet i Oslo.
- Aakvik, A., Salvanes, K.G. & Vaage, K. (2006). Measuring heterogeneity in the returns to education using and education reform. *European Economic Review*, 54(4), 483–500.
- Åmo, B. W. & Kolvereid, L. (2010). Nyttan av å ta utdanning innan økonomifagene. *Magma*, 06, 20–29.
- Årethun, T., Nesse, J. G. & Skogseid, I. (2014). *Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar. Arbeidskraft*. VF-notat nr. 3/2014. Sogndal: Vestlandsforskning.